

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV JUNI 2004.

ÅRGANG 40

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00

Møtested: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid

President: Elisabet Sundgot

Visepres.: Ingar Bigset

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: John Stennes

Styremedlem: Arne Lillebø

Styremedlem: Arve R. Røyseth

Leiar ungdoms

utveksling: Sverre Bjåstad

Ansv. Red.: Jan-Håvard Nytun

Referent: Einar Holm

Fødselsdager i juli:

Otto Holstad 13.07

Magnar Hatlø 30.07

Eldar Holm 31.07

100%frammøte i juni 2004:

Jarle Klungsøy, Svein Johs Flø, Hans Gisle Holstad, Elisabet Sundgot, Håkon Brekke, Johs j. Hareide, Magnar Hatlø, Arve Røyset, Ågot Riise, Sigurd Bigset, Arne G. Grimstad, Otto Holstad, Trygve Riise, Egil Utgård

JONSOK.

No pyntar rognen seg til jonsokstemne
så fin ein brudgom der han står.
Med kvite roser på dei granne greiner
og angar sommar inn i stova vår.

Dei kvite rosene mot alt det grøne
med ljós og skugge skifter dag som natt.
Ja; rognen står så bjart i brudgomsskjorta
og helsar sommaren velkommen att.

Då berst det for deg at du enno angar
og hugsterk fram i friske livet trår.
Velsigna dag med kvite rognerosar
og vind som ruskar gjennom gråna hår.

Johan H. Grimstad

Mandag 07. juni 2004.

På programmet stod båttur med M/B Bilfergen, men det var teke etterhald for regn og vind. Og som ofte her på desse kantar var utsiktene til tur eller ikkje tur skiftande. Det resulterte sjølvsgatt i at nokre møtte opp i Brandal ved Bilfergen, medan andre møtte opp i våre møtelokaler.

I Brandal var sjølvsgatt vertskapet, Arve, Amund og Åse møtt opp, godt rusta til tur. Men det fleste av medlemmene hadde møtt fram på klubbhuset.

Resultatet vart at Amund, med trekkspellet, og Åse med MRF-sveler tok vegen til våre møtelokaler.

Om sola og sommaren svikta denne kvelden vart det likevel ein triveleg kveld for alle som møtte fram. Mykje fin trekkspelmusikk frå Amund, der mange gamle gode tonar utløyste ein vakker allsong.

Så kom Åse med sine MRF-sveler (etter styreleiaren og redaktøren si meining verdens beste). Og på toppen av det heile møtte Arne (holstad) opp med bløtkake til oss alle, og det sette sjølvsgatt ein ekstra spiss på kvelden. Vår trufaste og positive kamerat, Arne, ville markere sin runde dag også på denne måten. Tusen takk Arne.

Ein på alle måtar triveleg kveld, og takk for det Amund, Åse, Arve og Arne.

Mandag 14. juni 2004.

Etter velkomst og åpning av vår visepresident Ingar Bigset leia vår songmeister Arne G oss som vanleg trygt gjennom vår allsong.

Visepresidenten orienterte så om planane for komande Rotaryår. Ingar oppmoda komiteane til å kome i arbeid, legge fram sine syftemål og arbeidsprogram for komande år. Ingar etterlyste vidare tankar og idear slik at komande Rotaryår kunne bli eit best mogeleg år.

Elles vart dei ulike komiteane sett i arbeid, slik at resten av møtet gjekk med til komitearbeid.

Det vart ein triveleg og nyttig arbeidskveld.

Mandag 21. juni 2004.

Kveldens møte vart leia av vår president Elisabet. Etter den vanlege velkomst, allsong og utdeling av månedsbrev var kvelden programfri. Kaffi og velsmakande kaker med mykje god prat rundt om på borda gjorde det til ein triveleg kveld.

Ute var det sol og sommar - og for mange vart nok kvelden nytta til bår, fjell eller hage.

Mandag 28. juni 2004.

Denne kvelden var det presidentskifte.

I velvalgde ordelag takka Elisabet styret som ho hadde arbeidt saman med, men i personlege ordelag gav Elisabet av seg sjølv på ein måte som gjorde inntrykk på oss alle. Elisabet skal dessverre flytte frå Hareid, og går difor ut av klubben vår. I eit attersyn peika Elisabet på kva det har vore arbeidt med dette siste året, og så var det kaffi og nydelege kaker (spandert av Elisabet).

Hareid Rotary klubb vil sakne vår avtroppande president, ho har vore ein aktiv og verdfull medlem, og kjekt var det å høyre at klubben har vore til støtte og hjelp for henne.Vår

seremonimeister, Elias Sellevoll, stod så for den høgtidelege handlinga. Takka Elisabet Sungdog for godt arbeid og ynskte henne lykke til på sin nye heimstad. Elias innsette så Ingar Bigset til ny president.

I eit svært velforma innlegg takk Ingar for tillita der han gav oss av sin bakgrunn, kva han står for og kva han vil i sitt presidentår.

Lukke til Ingar.